



Årsmøte Sogn og Fjordane Sau og Geit

Tidspunkt: 24. Februar 2017

Stad: Thon Hotell, Jølster

Tal møtte med røystrett: 47

Representantar frå lokallag: 23 Lokallag representert med stemmerett

Representantar frå styret: 5 + 1 møteleiar

Innleiarar: Alfred Bjørlo

Helsing frå Bondelaget, Bonde og Småbrukarlaget og Nortura

Gjester/Andre: 2

Ordførar i Eid Alfred Bjørlo, opna årsmøtet. Sogn og Fjordane er meir enn Førde og Sogndal. Nordfjordregionen har ca 50 000 innbyggjarar. Starten på Nordfjordeid var oppretting av eksersisplassen med trening av soldatar med opp til fleire tusen soldatar. Med dette voks Eid fram som ein handelsstad og ein tettstad. Eid har vore skulestad sidan 1850 talet. I 1858 starta dei Holmøyane arbeidsskule ute i Holmøyane. Sia fekk Eid Folkeskule og Folkehøgskule med fleire.

Eid tilrettelegg for å kunne bu og besøke kommunen, og drive næring. Eid er opptatt av kultur, nemner spesielt Operahuset der det er mykje sambruk med skulane og stort sett fullt i bruk heile året. Malakoff, samlar omlag 25000 på denne festivalen. Er avhengige av alle dei gode frivillige. Eid har hatt auke i sysselsettinga. Næringslivet veks. Eid elektro er størst i landet på elektrotavler på bl.a. veganlegg m.m. Transport med Nordrikk m.fl.. Blanding av små nisjebutikkar og større handelssenter. Jobbar mykje mot kultur og besøksnæring og Sagastadsenteret. Eid er den 6 største landbrukskommunen i Sogn og Fjordane. Store på storfe og sau. Samla sett i Eid var det i 2010 185 gardsbruk som søkte tilskott, og 160 som søkte om tilskott i 2015, men volumet held seg.

I 2015 var det 95 brukarar som dreiv med sau, ein nedgang på 15 sidan 2010. Har ei arealplan i kommunen, der vi ikkje lenger tek landbruksareal. Er opptatt av å snakka om det positive som skjer i landbruket. Har no passert 6050 innbyggjarar i Eid. Telemarksforskinga seier at Nordfjordkommunane vil auke framover. Vårt næringsliv i Sogn og Fjordane vil skape nye arbeidsplassar og auke i verdiskapinga i framtida. Selje og Eid skal slå seg saman frå 2020. Kort oppsummert: ser lyst på livet. Eid har eit godt grunnlag for å utvikle seg positivt i framtida

Sakliste :

1. **Namneprop og konstituering.** Odd-Jarle Øvreås innleia årsmøtet og gjekk gjennom og kryssa av i deltakarlista.
2. **Godkjenning innkalling, sakliste og forretningsorden.** Arne Sølvsberg saknar eit punkt om Jordbrukstingingar 2017

Møteleiarar: Geir Ole Ervik

3. **Velje 2 representantar saman med møteleiaren til å skrive under møteprotokollen:** Erling Offerdal og Terje Mork.

Teljekorps: Nils Magne Gjengedal, Magnar Juklestad, Magnus Grimeland

Redaksjonsnemnd: Erling Offerdal, Jo Risløv, Eli Berge Ness

4. **Leiaren har ordet:** Ragnhild Sæle las gjennom leiars tale der ho tok føre seg aktiviteten og utfordringane som har vore i året som har gått.

Arne Sølvsberg: Gjev ros for god tale. Spesielt det i høve rovdyr som er grådig viktig at vi er på bana med.

Eli Berge Ness: Meiner fylkeslaget må lage fleire uttaler som til dømes på rovvilt, geitemjølke og overproduksjon.

Erling Offerdal: Gjev ros for god tale. Poengterer overskotssituasjonen for sauekjøtt.

Ragnhild Sæle kommenterte at struktur vart teke med i innspel til Jordbrukstingingane som er oversendt til Sogn og Fjordane Bondelag, Sogn og Fjordane Bonde og Småbrukarlag, NSG.

Eli Berge Ness: Desse innspela bør også leggest inn på nettsida til sau og geit

5. **Handsame årsmelding for 2016**

Odd-Jarle las opp årsmeldinga.

Vedtak: Årsmeldinga frå styret vart godkjent

Årsmelding frå nemndene

Geitegruppa:

Jo Risløv gjekk gjennom denne. Ingen kommentar.

Avlsutvalet

Lars Nesse gjekk gjennom denne.

Kommentarar

Erling Offerdal poengterer at det er viktig at alle i landet vert like med dømning på dyr med dauhår i fellane.

Eli Berge Ness meiner ein bør få regelverk for dømning tidlegare til dommarane.

Vidar Sandal lurer på korleis det gjekk med rekruttering av dommarar som det var avsett pengar til i budsjettet.

Petter Kåre Igelkjøn saknar statistikk av dårlege verer slik at ein unngår å sette på sauelam etter desse som sansynlegvis vil avle dårleg ull.

Terje Mork. Seier at vi lenge har fått kjeft for streng dømning i Sogn og Fjordane. Så skulle vi bli meir like dei andre, for så å skjerpe inn att no. Ulla må bli betre !!

Lars Nesse. Kommenterte det med kåringsdommarar. Rekrutterte 2 nye dommarar som var med på dommarsamlinga. Ullkvaliteten er varierende avhengig av seminverene vi har å velje i om hausten i seminkatalogen.

Eli Berge Ness. Meiner det bør utdannast 3 nye kåringsdommarar i året. Fordelt på Sogn, Sunnfjord og Nordfjord

Arne Sølvberg: Etter avlsmøtet med vereringane på Skei vart det bebuda å kutte granskingstilskottet til Sjeviot og Pels. Utgjer Ca 80 000 kr til Sjeviot. Meiner dette er småpengar og at det er viktig å bevare Sjevioten. Dette må vi kjempe for.

Ragnhild Sæle: Har vore i kontakt med styret i NSG ved Lars Erik Wallin. For 4 år sidan på landsmøtet vart det vedtatt å gi granskingstilskott til Pels. Svar i frå NSG er at styret i NSG sentralt tek dette på alvor. Denne saka skal behandlast i styret i NSG og avlsrådet, og er ikkje avgjort endå.

Gjetarhundnemnda:

Kurt Magne Fardal gjekk gjennom denne.

6. Handsame rekneskap og revisjonsmelding for 2016

Rekneskapen for 2016 synte eit overskot på kr 34036. Styrets forslag er at dette overskotet vert lagt til fri eigenkapital. Sum eigenkapital pr. 31.12.2016 vert då kr 736 500.

Jim Ivar Kalland: Etterlyser vedtak om pengar til fylkesfellingslaget. Foreslår at dette vert skrive noko om i referatet. Kven eig nattkikkerten.

Ragnhild Sæle: Desse pengane står på konto for fond rovdyrtiltak og skal gå til utstyr. Sogn og Fjordane sau og geit eig nattkikkerten.

Vedtak: Rekneskapen er revidert og samrøystes godkjent

7. Handsame arbeidsplan for 2017

- Styremøte etter behov
- Geitehelg
- Leiarsamling
- Jordbrukstingingane 2018
- Fagtur
- Småfesamling i januar 2018
- Medlemsverving

Kommentarar til Arbeidsplana

Svein Hofstad meiner det er nok med 1 dags leiarsamling.

Arne Sølvsberg meiner 1 dags leiarsamling kanskje bør leggast til årsmøtet.

Eli Berge Ness: Meiner at ei samling om hausten er viktig, både for å få tid til innspel til Jordbrukstingingar. Meiner også at ein bør halde på 2 dagar.

Erling Offerdal. Viktig med 2 samlingar i året. 1 samling om høsten med 2 dagar bør vi ta oss tid til.

Lars. Syns det er viktig å halde på 2 samlingar i året.

Ragnhild meiner også at desse samlingane er viktige.

Jim Ivar Kalland meiner at ein bør sette opp midlar til Fylkesfellingslaget på arbeidsplana

Lars Nesse. Pengane som er sett av til Fylkesfellingslaget er kun til utstyr og ikkje til driftsmidlar.

Arne Sølvsberg. Meiner at vi bør legge oss meir i selen for å få aktivitet i lokallaga.

Vedtak: Arbeidsplanen vart samrøystes godkjent

8. Innkomne saker. (Ingen innkomne saker)

Nils Magne Gjengedal. Bondelaget: Takka for invitasjon.

Poengterte at vi har fått ei ny landbruksmelding som vi ikkje er fornøgde med.

Sauen er i ein vanskeleg situasjon med overproduksjon. No må det ikkje gjevast tilskott til nyetablering av saueproduksjon. På geit vil landbruksministeren ta geitemjølka ut av marknadsreguleringa.

Bondelaget ser føre seg å ta av slaktetilskottet frå lam og legge det på mordyra.

Per Ravndal, syns ikkje næringa sjølv skal komme med slike kutt som i slaktetilskottet. Eli Berge Ness, støttar Gjengedal og syns det er bra for strukturen. I Sogn og Fjordane er 95% av bruka små. Bør også vurdere å auke beitetilskottet for sau på utmarksbeite.

Svein Helge Hovstad og Jim Ivar Kalland støttar det med å legge meir over på utmarksbeitetilskott.

Erling Offerdal er skeptisk med å foreslå å flytte midlar frå slaktetilskott til husdyrtilskott, men derimot bør ein legge meir på utmarksbeitetilskott.

Nils Magne Gjengedal: Har ein forslag og synspunkt, så må de berre komme med desse, slik at vi kan ta dette med inn mot Jordbrukstingingane.

Bonde og småbrukarlaget v/Magnar Juklestad.

Meiner vi ikkje skal foreslå endringar i slaktetilskott til lam. Er elles oppteken av jordbruksarealet i Sogn og Fjordane. Får vi ikkje snunad situasjon særleg i kystkommunane vil saueproduksjonen gå tilbake. Er oppteken av at Sau og Geit må kjempe for å oppretthalde næringa. Jobb nr 1 er å styrke utkantjordbruket. Småbrukarlaget har 2 store oppgåver i å halde Tine og Nortura i øyrene. Det er viktig for småbrukarlaget å være på banen å kjempe for dei små.

9. Val etter vedtektene. Marit Henjum Halsnes las opp innstillinga frå Valnemnda

Styre for 2017 vert slik:

Ragnhild Sæle, Jølster. Leiar
Odd-Jarle Øvreås, Holmedal,
Jo Risløv Vik i Sogn.
Thomas Manseth Bjørhovde, Eid
Solgunn Haugen, Lærdal

Attval (41 mot 6 blanke)
Ny nestleiar (46 mot 1 blank)
Ny (47 stemmer)
Ny (47 stemmer)

Varamedlemmar

- 1) Jostein Flatland, Sogndal
- 2) Margrethe Garlid, Stryn
- 3) Vidar Sandal, Breim

Revisorar:

Ove Årdal, Jølster **Attval**
Inge Erikstad, Jølster **Attval**

Vararevisorar:

Magnar Juklestad, Jølster **Attval**
Jon Helge Sandal, Jølster **Attval**

Møteleiar for 2018: Geir Ole Ervik, Selje **Attval**

Vara: Johannes Gunvordal, Sogndal **Attval**

Framlegg til nye godtgjersler:

Godtgjersle til leiar	kr 13000
Godtgjersle til sekretær	kr 7000
Møtegodtgjersle pr.møte	kr 1300
Telefongodtgjersle til leiar	kr 1000
Telefongodtgjersle til sekretær	kr 500
Telefongodtgjersle til styremedlem	kr 500
Køyre-og passasjergodtgjersle etter statens regulativ	

Valnemnda sine forslag til vidareføring av satsane vart samrøystes vedteke

Utsendingar til årsmøte: Leiar er varaordfører i NSG og er automatisk utsending.

Jo Risløv
Odd-Jarle Øvreås
Thomas Manseth Bjørhovde
Solgunn Haugen

Vara utsendingar

- 1) Tom Idar Kvam
- 2) Jostein Flatland
- 3) Margrete Garlid
- 4) Vidar Sandal

Valnemnd for 2018

Jakob Andre Sandal (Leiar)
Svein Helge Hovstad
Lars Nesse (Vald for 3 år) Ny

Vara til valnemnda for 2018

Sigurd Vikesland
Ingunn Reme, Ny


10. Handsame og vedta budsjett for 2017

Jo Risløv gjekk i gjennom budsjettet

Eli Berge Ness foreslår å bruke av dei avsette kr 20000 til ein opplæringsdag for nye sauedommarar.


Vedtak: Budsjettet samrøystes vedteke.

Johannes Nedrebø




Referent

Erling Offerdal



Sign

Terje Mork



Sign